Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ard og plog

Oppskr. av: Aksel Anderssen

(adresse): Ådalsbruk

Fylke: Hedmark

Herad: Løten

Bygdelag: Sørbygda

(Gard) Burstad: Fagertun

G.nr. 221 Br.nr. 9 og 17

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Både ard og plog er i bruk.
2. Før vart ardn nytta til jordarbeidinga fyre såinga, -dei kårsåle, som dei sa; men det er det slutt med for minst halvthundre år sidan. Myldinga vart gjort med ei lett treharv, lestharva, dersom dei ikkje harva med den tyngre kroktindharva.
3. Arden vert enno nytta til potetsetjing, og gjer god teneste til molding eller mylding („moulling", „mylling") utover ~~ut~~ etter fyresumaren. Hyppeplogen*) er ikkje anna enn ein ard med tverrfjøl til å føra jord til sidone, segjer smed Joh. Nordeng, Ådalsbruk (i 70-åra). B
4. I Løten er det arden fig 4 som dei kjenner. Uppteiknaren, fødd på Ringsaker, kjenner fig. 3 derifrå, og Nordeng hugsar han har set fig. 1 og 2 i Østerdalen. A B.
5. Nei, åsen på fig. 3 er bygd for mykje ned til å høva til skjeker av typen 4.
Til 3 høyrer lause skakler
6. Namn på dei ulike delane på ardn:

*) Fig. 5, 6 og 7 er hyppeplogar som kjøpm. M. Bingen, Ådalsbruk, (i 50-åra) kjenner att frå Solør-bygdene.

1650







a = vekone
b = sule ?
c = slo
d = ạl-ås
e = ạl-krok eller ạl-tre
f og g = kveler (den bakre med kḷava
vert elles kalla sèḷa)
h = skåk, fl. skjaker (skakler når dei er lause)
i = bekst eller dråkte
m = myll- eller potet-fjøḷ
n = ạl-kakk
o = ạl-kuse (opet som sloa går igjenom)

7. Skjerbreidda kunde vera ulik på dei ulike ardane: 12 tumar, 11 tumar osb. Smedn avmåta til breidda på ardveksnet når han laga fạlen som grimen(e) var feste til.




1650

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

I odden på skjeret vart det sveisa inn eit stålstykke. Når grimene var utslitne, laut smeden „grime opp att" skjeret. Var ardin ikkje gjort på rette måten, kom anten den fremre eller bakre delen av skjeret til å slitast for mykje. segjer smed August Nilsen, Låten (80 år.) B.

8. Ardin som er nytta i Låten har ei myldfjøl som vert påsett som på fig. (merkt med m) ovanfor.

9. Ordet ard er ikkje brukt t. d. um labbharva, endå tindane der minner noko um veksne.

10. Ja. regulering som på fig. 3 c (al: slo).

11. Smed Johan Løkjehagen, Hørsand, 85 år, har set ardtypar som på fig. 5–7 på gardin Hørsand. Og både Aug. Nilsen og Johs. Nordeng hugsar ein type som hadde tindar (av 5/8 t. rundjarn) som stod på skrå bakover på veltfjøla og vart nytta til å taka upp poteter med. (Aug. Nilsen kalla denne reidskapen beintfram for potetplog, og fortelde at dei tykte godt um det arbeidet denne plogen gjorde. Men Johs. Nordeng segjer at det heile var ~~ein~~ freistnad som nokre bønder gjørde seg fram med ei tid, men gav upp heller snøgt.) Dei ardane Johan Løkjehagen tala på, hadde ikkje noko stille; men riestill eller knio var det nok på deim. B. B. B. B. B. B

12. Slike ardar vart laga på gardane av bygdesmedar. Frå 1880 åra er nemnt

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

romedølar som både gjorde gode ardar og plogar: Plog-Jon og Nils plogsmed o.a. På Hamar hadde ein smed Nordrum og smed Korslund (den siste var Løten-sokning og døydde for ikkje lenge sidan). Elles hev alle tri heimelsmennene som er nemnde ovanfor, laga mange ardar og plogar. På verkstaden til A/s Aadals Brug vart det laga typar som i det store og heile svara til deim som bygdesmedane heldt seg til.

13. No vert brukt berre fabrikkomidde plogar. Kring 1900 gjekk ein over serleg til svenske plogar (Johs. Nordeng). Ein pris på 18-20 kr for 1-hestplog og 25-27 kr for 2-hestplog meiner Nordeng var nokolunde det som vart gjeve for dei gamle plogane. Lokjeplogen gå litt høgare (40 kr) 13

14. Plogen på fig. 3 kan ingen av smedane gjeva nærare upplysning um.

15. Ein plogspa av tre var vanleg å ha med når ein pløgde. Han var ikkje stor og kunde vera fest til styret med ein ståltråd. Var ikkje noko forseggjort.

16. Plogen velte ein til den sida som veltfjøla var når ein køyrde tomt.

17. Ein slitekløss kunde vera fest til åsen, eller ein slitesule ved bekolet og styret.

18. Det er knapt kjent anna enn høgreplogar.

19. Med dei gamle plogane var 6 tumar djupn i fåra rekna for bra, segjer Nordeng. Men Nilsen meiner at det var dei som

1650

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

nådde 8-9 tunnar. Både på Aadalsbrug-plogane og andre var det sit plogkjul som ein kunde måta til djupna med. (Oliver-plogane og venteleg andre amerikanske merke hadde det på same vis: Wiard, Ontario osb; dei kom elles fyre svenskeplogane segjer smed H. A. Nordskogen, Løten, 64 år.) B.

20. Ristill på dei heimegjerde plogane ser det ut til å ha vore stødt.

21. Smed Nordeng har set ein plog som på fig. 10 i Elverum, men ikkje i Løten. Han meiner elles at denne plogen kunde rota i jorda ikkje so reint lite. Ristillen var samstundes både kniv og skjer. B

22. Slep av denne typen er enno i bruk:



(Set ovantil)

Elles er nytta trestengde sledar til å køyra reidskap ut til åkeren

23. Johan Lekjehagen har set ein tilsvarande plog som fig. 12 på Hørsand (Han har vore gardsmed der eller gjort arbeid for garden i si eiga smidje i 56 år.) Veltfjøla var av tre, med jarnskoning og jarnremser upp-etter sida. B.

Smed H. A. Nordskogen hugsar frå læregut-tida si i Brumunddalen kring 1900 at dei stelte ein dobbeltplog som laut vera frå Furnes eller Ringsaker. Etter den forklåringa han gjev, har plogen havt 2 styre og 2 skjer. Når ei fôr var køyrd til endes, B

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

løyste ein skalla frå det festet dei hadde fremst på åsen, og spende dei fast til den motsette enden og køyrde so ei ny fór utan å snu plogen. Det bakre skjeret med veltfjøla som høyrde til det, kom so høgt at det ikkje subba ned i jorda.

Ardnamn:

Um arden på fig. 3 er høyrt ulike namn: lèkkial (smed Nilsen o. fl.), bakke-al (våronnkar Ole Storsveen, Ådalsbruk, 70 år), krok-al, eller kne-al og Toten-al.

Frå Ringsaker har uppteiknaren eit minne um at namnet skjial skulde vera nytta um typen på fig. 4, men er ikkje heilt viss på det. a

Namn på plogdelar:

ås, styre, sule, lainnsie, skjèr, spiss, veltfjøl.

Brøste er den kvasse kanten framme på skjeret. Til brøstet kunde ein festa eit skjærjønn som skar av kuvar so dei vælt ned i fóra. Det vart snøgt skjemt. (August Nilsen).

Plog er den reidskapen som velter jorda til ei side. Plogåsen vert ikkje kalla ardås.

Ard vert uttala med tjukk l (aļ) og er hankyn.

Plog vert uttala plog.

1650

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING